


## Bestilling av Bolk-utdrag direkte i Leganto-liste

Du bestiller sjølve utdraga i Leganto. Når bestillinga er sendt, blir pdf-filene automatisk lasta opp i Leganto-lista. Biblioteket vil endre tilgangskode slik at studentane berre vil få tilgang til pdf-filer når dei går inn i pensumlista i Canvas.

### *Merk:*

- 1. Denne bestillingsmetoden fungerer IKKJE dersom fleire emne deler ei pensumliste.*
- 2. Du bør vente med bestillinga til pensumlista er sendt til biblioteket og ferdigstilt der i tilfelle det blir endringar.*

1. Klikk på tittel på referansen, deretter på Bolk-førespurnad:



**Plassering: 796.0712 Ane**

(0 av 3 eksemplar tilgjengeleg, 0 lånarar på venteliste)

1 - 3 av 3 Postar

TYPE	UTLÅNSTID	SKILDRING	STATUS
Bok	2 Week Loan		Lånt ut til 09/11/2023 19:00:00 CET
Bok	2 Week Loan		Lånt ut til 08/11/2023 19:00:00 CET
Bok	2 Week Loan		Lånt ut til 30/10/2023 19:00:00 CET

Bestillingar

[⚡ Bolk-førespurnad](#)

2. Du får opp eit nytt vindu der sidetala du har lagt inn, automatisk er fylt ut (du bør vere sikker på at desse er rette). Tal deltakarar står med 0, så her må du legge inn eit tal. Du bør legge inn så korrekt som mogleg:



Lag Bolk-førespurnad

Instructor digitization request header

UE\_223\_PPU-PRA2\_1\_2024\_VÅR\_1 PPU-PRA2 - Praksis 2 (VÅR 2024) 0


Sider frå: 23 til: 51 + Legg til fleire sidetal

Antal deltakarar: 5

Note 1: + Legg til ei ny note

Trykk på Send-knapp nedst (manglar i skjermbildet).


3. Deretter får du opp dette – vel å merke viss bestillinga gjekk i orden:



Bestillingar

**⚡ Bolk-førespurnad** Approved (Godkjend av Bolk) Obligatoriske sider:  
**frå: 23 til: 51**

4. Viss utdraget er over 15 %, vil bestillinga først bli avvist (= declined). Men heilt til høgre kan du klikke på «Utvid klarering av rettar». Trykk på den, og førespurnad om å bruke over 15 % vil bli sendt til Bolk. Ei slik klarering har ein fast pris på 126 kr.



Bestillingar

**⚡ Bolk request** Declined (Rejected by Bolk) Required Pages: **You need to order extended rights clearance to use 22,5% of publication** **9788279900481! Ordering rights clearance costs 126,140 NOK**

from: 25 to: 66

**☺ Utvid klarering av rettar**

[Rediger](#)

Etterpå vil status endre seg til «Waiting for approval».

5. Når alle utdrag er bestilt, går du til Bolk og leitar opp kompendiet under «Mine kompendium». Her ligg alle utdraga du har bestilt i Leganto. Viss alt ser ut til å stemme, går du vidare til steg 2, deretter steg 3.

Dersom du vil sjekke detaljar ved bestillinga, kan du klikke på «Forhåndsvis». Du må også velje levering som enkeltfil:

Navn på tekstutdrag	Sidetall	Innholdstype	Status
(2014):Traumebehandling. Komplekse traumelidelser og dissosia...	19-38	Fil fra Bolk	✓
Furuholmen, Dag, Andresen, Arne Schanche (2007):Fellesskapet s...	281-302	Fil fra Bolk	✓
(2007):Under tak - mellom vegger	93-111	Fil fra Bolk	✓
(2014):Traumebehandling. Komplekse traumelidelser og dissosia...	142-162	Fil fra Bolk	✓
Nordanger, Dag Øystein, Braarud, Hanne Cecilie (2017):Utviklin...	71-92	Fil fra Bolk	✓
Ullfrstad, Lars-Marius (2011):Velferd og bolig. Om boligsosialt...	200-223	Fil fra Bolk	✓
(2013):Makt og avmakt	242-260	Fil fra Bolk	✓
Søvig, Karl Harald (2007):Tvang overfor rusmiddelavhengige	75-123	Fil fra Bolk	✓

Antall sider: 196 ⓘ Estimert pris for bruk av innhold per student per semester: 0.000 ⓘ

Kompendiefil  Hvert utdrag levert som enkeltfil

Du avsluttar ved å trykke på «Bestill». Etter kort tid (kanskje fem minutt) vil du få ein e-post frå Kopinor. Der er lenke til Bolk, og du vil sjå alle dei leverte filene på den sida. I tillegg vil filene legge seg inn på referansane i pensumlista (sjå skjermbilde neste side) etter kort tid.

Moglege problem/stopp i arbeidsflyten:

- **Utdrag over 15 %:** Desse krev ekstra klarering og vil bli levert seinare. Dette medfører også ein ekstrakostnad som må godkjennast av avdelinga.
- **Inga innhaldsfil:** For ein del bøker kan Bolk ikkje levere filer, det gjeld spesielt utanlandske bøker. I oversikta vil det då stå «Kun registrering» bak tittelen, ikkje «Fil fra Bolk». Det er mogleg å be Bolk skaffe fila (klikk på tittelen i innhaldslista, deretter krysse av for at Bolk skal skaffe innhaldsfil), men det er ikkje alltid det går. Alternativet er då å skanne kapittel sjølv og laste opp pdf «manuelt» i Leganto.
- **Ingen søketreff:** Viss det er ein heilt ny tittel eller ei utanlandsk bok, kan det vere at den ikkje har kome inn i Bolk. Løysing: Gå til Bolk startside, søk på ISBN. Når du får melding om at tittel ikkje fint, kan du til høgre trykke på «Bestilling av manuelt litteratursøk». Du får beskjed frå Bolk når tittelen er lagt til, og så kan du bestille frå Leganto.

Sjølv om det er enkelte utdrag som ventar på klarering eller anna, kan du likevel avslutte bestillinga. Då vil du få ei melding om at resten blir levert som eige kompendium (= filer).

Er du administrator og skal lage fleire kompendium, kan det vere praktisk å vente med bestilling til alle utdrag for ei pensumliste er ferdige (for å unngå mange e-postar med ulike filleveringar).

## 6. Filene legg seg automatisk inn i Leganto-lista:

Bokkapittel (Referansar: 3, Sider: 78)▼  
Tilgjengeleg som pdf-fil (etter innlogging i Canvas)

---

 **BOKKAPITTEL Anerkjennelse i kroppøving : et teoretisk ramn**  
Jordet, Arne Nikolaisen, i Et anerkjennende kroppøvingfag, redig  
Legg til taggar på referansen  
Sendt Utlånt Last ned Vis PDF

---

 **BOKKAPITTEL Velferdsstatens sikkerhetsnett**✓  
i Sosialt arbeid : en grunnbok, redigert av Ellingsen, Ingunn Tollisen  
Legg til taggar på referansen  
Sendt Utlånt Last ned Vis PDF

---

 **BOKKAPITTEL Barnets rett til å bli hørt**✓  
Sandberg, Kirsten, i Barnekonvensjonen : barns rettigheter i Norge  
[2020], 98 - 130  
Legg til taggar på referansen  
Sendt Utlånt Last ned Vis PDF

---